Nytt om namn

Meldingsblad
for Norsk namnelag

Nr. 1, 1984

Oslo 1984

N Y T T O M N A M N

Meldingsblad for Norsk namnelag (NNL)

Redaktør: Botolv Helleland

Utgjevarstad: Institutt for namnegransking,

Universitetet i Oslo

Nr. 1 1984

Innhald

Meldingsbladet "Nytt om namn"..... side 1
Norsk namnelag ..... " 2
Lover for Norsk namnelag ..... " 3
Tinging av "Namn og nemne" og "Nytt om namn" " 5
"Heimen" - Et beslektet tiltak ..... " 6
Prosjektet "Stadnamn i 3-språklege område" .. " 7
Dataregistrering av namn ..... " 7
Samarbeidsnemnda for namnegransking ..... " 8
Nordisk samarbeidsnemnd for namnegransking (NORNA)8
Symposium i Trondheim ..... " 9
Nasjonale namnekonferansar ..... " 9
Folk skifter namn ..... " 9
Skrivemåten av stadnamn ..... " 10
Framlegg til nye reglar - NOU 1983:6 ..... " 10
Hovudpunkta i innstillinga frå Stadnamnuvalet " 11
Når kjem dei nye reglane? ..... " 11
Stadnamnprosjektet i Møre og Romsdal ..... " 12
Stadnamninnsamling i Rogaland ..... " 13
Innsamling av språkleg tradisjon ..... " 13
Nytt personnavntidsskrift ..... " 14
Det Beste Atlaset? ..... " 16
Konstituerande styremøte i Norsk namnelag.... " 17

Redaksjonen er avslutta 22. mars 1984.

Usignerte artiklar står redaktøren sjølv for.

ADRESSER:

Norsk namnelag, Nordisk institutt, Universitetet i Trondheim, 7055 Dragvoll

Tidsskriftet "Namn og nemne", Nordisk institutt, Universitetet i Bergen, Sydnesplass 9, 5000 Bergen

Meldingsbladet "Nytt om namn", Institutt for namnegransking, Universitetet i Oslo, postboks 1011, Blindern, 0315 Oslo 3

Bankgironummer til Norsk namnelag: 8401.21.34427

M E L D I N G S B L A D E T "N Y T T O M N A M N"

Fleire og fleire tiltak, organisasjonar, interesser finn seg ei hylle i mediaverda for å marknadsføra kommersielle, faglege eller ideelle produkt. Frå før finst det hundrevis av ulike publikasjonar som tevlar om publikum. Er det ikkje snart nok, er det mange som spør.

På den andre sida: Det mangfaldet som presse og kringkasting og ikkje minst dei mange små blad- og informasjonstiltaka utgjer, kan òg oppfattast som konstruktive uttrykk for engasjement på stendig fleire felt i samfunnet. Pluralisme, heiter det visst med eit fint ord. Me vonar at dette nye bladtiltaket finn si hylle i mediaverda. Til lesarane våre - som me reknar med er optekne med fleire interesser - vil me seia at det ikkje er meininga å hefta dei for lenge. Det er planen å gje ut to nummer i året av "Nytt om namn", kvart på 15-20 små sider. Men det dette meldingsbladet ikkje vil gje av fagleg fordjuping innan fagområdet namnegransking, vil lesarane finna i tidsskriftet "Namn og nemne", som med sine to årlege nummer vil presentera eit meir vitskapleg artikkelstoff.

I vedtektene til Norsk namnelag heiter det at laget gjev ut eit tidsskrift og eit meldingsblad. Med dette fyrste nummeret av meldingsbladet vonar Namnelaget å nå ut til flest mogeleg som kan ha interesse av å verta medlem og dermed få fast tilsendt dei publikasjonane laget gjev ut. Lenger ute i dette nummeret ventar ein innmeldingsblankett på å verta utfylt og deretter lagt i ein konvolutt. Som det heiter i slike vervekampanjar: Så enkelt er det.

"Nytt om namn" vil som meldingsblad vera eit organ for Norsk namnelag samstundes som det vil gje informasjon om ulike sider ved namn og namnebruk. Det kan gjelda meldingar frå dei faglege institusjonane, korte omtalar av granskingsprosjekt, ny litteratur, vedtak om skrivemåten, nye stadnamn i bygd og by, GAB-registeret og andre databaserte stadnamnregister. Eit anna område av

ålmenn interesse er korleis ulike personnamn (førenamn, mellomnamn, slektsnamn, tilnamn) vert nytta. Eit særleg viktig felt er innsamling og arkivering av stadnamn - korleis føregår dette arbeidet ut over landet, og kor langt er dei einskilde kommunane komne? Tips om innsamlings- og arkiveringsmetodikk vil det vera aktuelt å ta med. Og ikkje minst viktig er det å ta opp spørsmål frå lesarane sin synsvinkel, t.d. i form av korte innlegg. Meldingsbladet vil gjerne vera eit middel til å skapa større kontakt mellom fagmiljø og den interesserte ålmenta innan det breie feltet som har med namn og namnebruk å gjera.

Botolv Helleland

NORSK NAMNELAG

Norsk namnelag vart skipa på den 3. nasjonale namnegranskarkonferansen i Oslo 18. november 1983. Reidar Djupedal, Trondheim, vart vald til formann og Per-Bjørn Pedersen, Stavanger, til nestformann. Vidare vart desse valde inn i styret: Kolbjørn Aune, Kyrksæterøra, Nils Hallan, Trondheim, Alv G. Nordal Muri, Oslo. Varamedlemer: Hallgerd Aune, Skaun, Eli Johanne Ellingsve, Kristiansund, Eira Söderholm, Tromsø.

Til ettersynsmenn vart Bjørn Eithun og Eskil Hanssen valde, båe Oslo.

Skipingsmøtet fastsette medlemspengane til 100 kroner for året.

Namn og nemne/Nytt om namn

I samsvar med lovene for Norsk namnelag skal laget gje ut eit tidsskrift (Namn og nemne) og eit meldingsblad (Nytt om namn). Som redaksjonsnemnd for tidsskriftet vart Ole-Jørgen Johannessen og Oddvar Nes valde. Botolv Helleland vart vald til redaktør for meldingsbladet.

*****

L O V E R F O R N O R S K N A M N E L A G (NNL)

Vedtekne på skipingsmøte 18. november 1983

1. Føremål

Norsk namnelag (NNL) har til føremål å vekkje interessa for og styrkje kjennskapen til namn, namnevitskap og namnevern. Det gjeld stadnamn, personnamn, namn på husdyr osb., dvs. heile namneskatten i samfunnet, medrekna samiske og finske (kvenske) namn.

Dette arbeidet skal gjerast såleis at det kan vere til gagn for folk og land i det heile og vitskap og kultur særskilt.

Laget skal vere bindelekk mellom alle som har interesse for namn og namnegransking, og det skal ta opp samarbeid med vitskaplege institusjonar og offentlege styresmakter.

Laget skal arbeide for å fremje allmenn kunnskap om og kjennskap til namn og namnegransking, drive kursverksemd og stø innsamlingsarbeid og utgjeving av skrifter og bøker som har med namnegransking å gjere.

2. Medlemskap

Laget har berre individuelle medlemer. Organisasjonar og institusjonar vert rekna som einskildmedlemer. Alle vert medlemer av laget når dei tingar tidsskriftet som laget gjev ut.

Alle lagslemer har rett til å kome med framlegg til styret. Styret legg dei sidan fram på landsmøtet.

Alle lagslemer er røysteføre. Kvar medlem har ei røyst. Ingen kan røyste ved fullmakt.

3. Landsmøtet

Landsmøtet er høgste styresmakt i laget.

Lagsåret følgjer kalenderåret.

Landsmøte skal haldast annakvart år eller når styret eller minst 50 lagslemer ynskjer det.

Styret avgjer kvar og når landsmøtet skal haldast.

Styret kallar inn til landsmøte minst ein månad i førevegen. Innkallinga skal vere skriftleg og skal sendast til kvar lagslem. Dersom styret finn det føremålstenleg, kan innkallinga kunngjerast i tidsskriftet eller meldingsbladet.

Saman med innkallinga skal følgje ettersedd rekneskap, melding om verksemda i laget og ei stutt oversyn over planar for den komande arbeidsbolken.

Styret kan peike ut ei valnemnd som førebur valet og kjem med framlegg til landsmøtet.

Landsmøtet vel formann og nestformann ved særskilt val. Dessutan vel landsmøtet ved særskilt val tre styremedlemer med personlege varamenn.

Landsmøtet vel òg to ettersynsmenn.

Landsmøtet vel skriftstyrar/skriftstyre for tidsskriftet og for meldingsbladet og vedtek retningsliner for desse organa.

Alle val gjeld fram til neste årsmøte.

Det er høve til attval. Same personen kan sitje som formann i 3 valbolkar etter kvarandre.

4. Styret

I styret sit formann, nestformann og tre styremedlemer. Styret vel seg imellom skrivar og rekneskapsførar.

Dersom staten yter pengar til laget, kan Kultur- og vitskapsdepartementet nemne opp ein fjerde styremedlem med varamann. Departementet avgjer kor lenge vedkomande skal sitje.

Styret står for lagsdrifta. Det skal setje ut i livet dei vedtaka som landsmøtet gjer, ta opp saker som det hastar med, og ta avgjerder i aktuelle saker.

Styret skal ta seg av økonomi, føre medlemskartotek, delta i utgjevingsarbeid, kursverksemd og andre tiltak som er med og styrkjer og fremjar føremålet med laget.

Alle saker vert avgjorde ved vanleg fleirtal. Er det same røystetalet for to framlegg, har formannen dobbel røyst.

Om formannen og skrivaren skriv under saman, bind dei laget økonomisk.

Styret fører styrebok, brevbok og rekneskapsbok og tek vare på arkivet.

5. Lagspengar

Landsmøtet avgjer kor mykje lagspengane skal vere, og kor stor del av dei som skal gå til tidsskriftet og meldingsbladet.

Den som har tinga tidsskriftet og såleis betalt medlemspengar, får i tillegg til tidsskriftet eit meldingsblad fritt tilsendt.

6. Tidsskrift og meldingsblad

Laget gjev ut eit tidsskrift og eit meldingsblad. Desse organa har eigne skriftstyrarar/ skriftstyre med redaksjonelt ansvar valde for 2 år om gongen. Same skriftstyret kan sitje i 3 valbolkar etter kvarandre.

Skriftstyrarane/skriftstyra bør vere til stades på landsmøta og på styremøta når det er ynskjeleg.

7. Lovbrigde

Framlegg til lovbrigde må sendast styret, som sender det ut til uravrøysting mellom medlemene innan 6 månader. Vedtak om lovbrigde krev eit fleirtal på to tredjepartar av dei som har delteke i uravrøystinga,og som på førehand har betalt årspengane.

8. Om laget vert lagt ned

Vert laget liggjande nede eller vert oppløyst, skal dei vitskaplege institusjonane kome saman og drøfte kva som kan gjerast.

---------- KLIPP HER ----------

"HEIMEN" - ET BESLEKTA TILTAK

Redaktøren har bedt meg presentere "Heimen" i det nye meldingsbladet "Nytt om namn", og det gjør jeg så gjerne.

Tidsskriftet "Heimen" er organ for Landslaget for lokalhistorie. Et hovedformål med "Heimen" er at det skal være bindeledd mellom lokalhistorikere over hele landet. En viktig kontaktskapende funksjon har bokmeldingene. Så langt det er mulig, blir alle større lokalhistorier og andre bøker med betydning for lokalhistorikerne gitt en faglig vurdering. Under tittelen "I søkelyset" prøver redaksjonen av "Heimen" å gi en del sentrale tema en omfattende behandling gjennom litteraturomtale og diskusjon.

"Heimen" har også en Kontakt/Debattspalte der redaksjonen formidler korte meldinger om lokalhistoriske tiltak, kommentarer og spørsmål av faglig art.

"Heimen" kommer ut med 4 nr. i året og kan bestilles gjennom Universitetsforlaget, Avdeling for tidsskrifter, postboks 2959, Tøyen, Oslo 6.

Abonnementet/medlemskapet koster 105 kroner for året. Bruk postgirokonto 5 15 5304 for innbetaling.

Helge Salvesen

---------- KLIPP HER ---- ----------

PROSJEKTET "STADNAMN I 3-SPRÅKLEGE OMRÅDE"

I fjor gav NAVF grønt lys for eit forskingsprosjekt med arbeidstittelen "Stadnamn i 3-språklege område". Det er gjeve løyving til ein prosjektleiar og ein vitskapleg assistent i to år, frå 1984. Søknaden og prosjektplanane er utarbeidde ved Institutt for språk og litteratur ved Universitetet i Tromsø. Nord-Troms er valt som prosjektområde, med særleg vekt på kommunane Storfjord og Kåfjord. Men det er aktuelt å dra inn materiale frå heile området.

Føremålet med prosjektet er å sjå korleis ulike språk (finsk, samisk, norsk) har nedfelt seg i stadnamn, kva formelle og semantiske typar som finst og korleis dei vert nytta i høve til kvarandre. I kor stor grad er namna i dei ulike språka omsetjingar, og i kor stor grad finst det namnesett som er knytte berre til ei eller to av språkgruppene? Slike og andre spørsmål er det aktuelt å stille i det vidare arbeidet med prosjektet.

Innsamling av namn vil vere ein viktig del av arbeidet i prosjektet, og er det meininga å dra inn lokale krefter, særleg frå Nord-Troms historielag. I februar i år vart det halde eit innføringskurs for lokale innsamlarar i Nordreisa.

Universitetslektor Thor Frette ved Ural-altaisk institutt i Oslo er tilsett som prosjektleiar frå 1. juli, og cand.mag. Aud-Kirsti Pedersen og hum.kand. Kaisa Rautio er tilsette som vitskaplege assistentar i halv stilling.

Kåre Elstad

DATAREGISTRERING AV NAMN

Datamaskinell behandling av personnamn har lenge vore utført her i landet, og Prosjekt for datamaskinell språkbehandling har utført ei rekkje analysar av personnamnmateriale frå Statistisk sentralbyrå. Også personnamn i folketeljingar, kyrkjebøker, skattemanntal o.a. har vore behandla ved hjelp av datamaskin. I dei siste par åra har det kome i gang dataregistrering av stad-

namn òg. Eit utval, oppnemnt av Samarbeidsnemnda for namnegransking og med Per-Bjørn Pedersen som formann, la fram ei innstilling om maskinell lagring av stadnamn. Denne innstillinga kan interesserte få ved å venda seg til Institutt for namnegransking, postboks 1011, Blindern, 0315 Oslo 3.

EDB og namn er eit aktuelt emne i nordisk samanheng. Alt i 1974 vart Den nordiske namnedatakomiteen skipa med tanke på å greia ut om det var råd å få til eit sams nordisk opplegg på dette feltet. Komiteen kom med eit framlegg som vart prøvd i nokre institusjonar, meir eller mindre tillempa eigne interesser. I januar i år møttest komiteen på nytt i Lund i Sverige, etter nærare ti års pause. Eit nytt møte vil verta halde i Oslo i mai, og det tyder på at komiteen er innstilt på arbeida vidare for å få til ei nordisk samordning på dette viktige området.

SAMARBEIDSNEMNDA FOR NAMNEGRANSKING

Innan fagmiljøet vert det ofte vist til vedtak eller tilrådingar frå Samarbeidsnemnda for namnegransking. Denne nemnda vart skipa i 1973 som eit samarbeidsorgan for norske universitet innan feltet namnegransking. Seinare har dei DH-skulane som har namnearkiv (Rogaland og Møre og Romsdal) kome med. Institusjonane er kvar representerte med 1-2 faste medlemer og like mange varamedlemer. Til saman er det no 11 faste medlemer i nemnda.

Samarbeidsnemnda for namnegransking har til no hatt møte ein til to gonger i året for å drøfta viktige saker som innsamling, arkiv, rekruttering, publisering, normering av namn o.a. Formannen i nemnda er professor Eyvind Fjeld Halvorsen.

NORDISK SAMARBEIDSNEMND FOR NAMNEGRANSKING (NORNA)

På det nordiske planet finst det òg eit samarbeidsorgan for namnegransking. Sidan 1946 har det vore halde nordiske namnegranskarkongressar med nokre års mellomrom. I 1971 vart det skipa ein nordisk samarbeidskomité (NORNA) som fekk til oppgåve å styrkja

det nordiske samarbeidet m.a. ved å skipa til symposium, seinare òg forskarmøte, gje ut årsmelding om nordisk namnegransking og register over nordiske namnegranskarar.

SYMPOSIUM I TRONDHEIM

I tida 14.-16. mai i år vert det skipa til eit nordisk symposium ved Universitetet i Trondheim. Emnet er personnamn i stadnamn, og ei rekkje nordiske namnegranskarar vil halda foredrag om ulike sider ved dette emnet. Som vanleg ved symposium av dette slaget vil foredrag og diskusjonsinnlegg verta gjevne ut i ein eigen publikasjon etter symposiet.

NASJONALE NAMNEKONFERANSAR

Dei tre siste åra har Institutt for namnegransking i Oslo stått for arrangementet av nasjonale konferansar i namnegransking. Føremålet med desse konferansane har vore å samla eit breitt fagmiljø til foredrag og diskusjon om sentrale faglege emne. Hovudemna på den fyrste konferansen (1981) var samiske namnearkiv og nasjonale stadnamnseriar. På 1982-konferansen var emnet databehandling av namn, og på fjorårskonferansen var emnet bruk av etterreformatoriske kjelder i namnegransking. For alle desse konferansane er det gjeve ut rapportar med innleiingar og diskusjonsreferat.

FOLK SKIFTER NAMN

Etter at den nye namnelova tok til å gjelda, har eit stort tal nordmenn skift namn. Frå Statistisk sentralbyrå vert det opplyst at 32.433 personar har skift namn i 1983. Alle desse fekk endra namn etter å ha fylt ut skjema og levert til folkeregistera, slik det er høve til etter at ein forenkla framgangsmåte for namnebyte vart innført. Kvinnene utgjorde fleirtalet, heile 70%. 3550 personar fekk nytt namn gjennom løyve av fylkesmennene/Justisdep.

SKRIVEMÅTEN AV STADNAMN

Skrivemåten av stadnamn er eit spørsmål som mange er opptekne av. Som dei fleste veit, er gjeldande regelverk heimla i kronprinsregentens resolusjon frå 31. mai 1957 ("Føresegner om skrivemåten av stadnamn"). Desse føresegnene avløyste då dei som var heimla i kgl. res. frå 28. april 1933. Før desse galdt "Reglar um skrivemåten av stadnamn på offisielle kart" (1929). Alt i 1913 kom dei fyrste meir fullstendige reglane for skrivemåten av stadnamn. Dei bygde på eit framlegg frå Hjalmar Falk og Marius Hægstad om at alle namn på kart skulle skrivast "i stedets dialekt med landsmaalets retskrivning".

Med reglane frå 1913 var grunnlaget lagt for det prinsippet som skulle verta vegleiande for seinare normering, nemleg den lokale uttalen og nynorsk rettskriving. Men det har heile tida vore ei avveging mellom desse to omsyna. Tendensen frametter har likevel vore noko auka rom for målføreformer.

FRAMLEGG TIL NYE REGLAR (NOU 1983:6)

Frå tid til anna har det kome fram misnøye både med reglane for skrivemåten av stadnamn, og med sjølve konsulentordninga (to konsulentar for norskspråklege namn og to for samiske namn). Noko av denne misnøya kom fram m.a. i Vogtkomiteen si innstilling 23. mars 1966 ("Språksaken").

I stortingsdebatten som fylgde denne innstillinga, kom det sterke ynskje om å ta både føresegnene og konsulentordninga opp til drøfting på nytt.

Den 12. oktober 1979 vart det så oppnemnt eit utval som skulle ta opp desse spørsmåla i full breidd. Formannen i utvalet var professor Gudmund Sandvik, og mellom dei 8 andre medlemene var 4 namnegranskarar. Utvalet la fram innstillinga si 7. april 1983. Hovudpunkta i innstillinga er refererte på neste side.

Saman med vedlegga er innstillinga på 117 sider. Heftet kan tingast i Universitetsforlaget, postboks 8134, Dep. Oslo 1 og kostar kr 15,50 fritt tilsendt. Statsinstitusjonar får innstillinga gratis ved å venda seg til Forvaltningstjenestene, Trykksakekspedisjonen, postboks 8169 Dep. Oslo 1

HOVUDPUNKTA I INNSTILLINGA FRÅ STADNAMNUTVALET

1. Det bør vedtakast ei lov som sikrar stadnamna som kulturminne

2. Reglane for skrivemåten bør ta noko større omsyn til målføreformer enn dei som gjeld no

3. Konsulenttenesta for namn bør utvidast slik at det vert to konsulentar ved kvart av dei fire universiteta, og dessutan to konsulentar for samiske og finske namn. Til kvar av desse fem instansane bør det knytast ein kvalifisert sekretær i full stilling

4. Det bør skipast eit Norsk stadnamnråd som skal føra tilsyn med praktiseringa av det nye regelverket og elles gje råd om meir prinsipielle sider ved stadnamn og namnebruk

5. Det bør opprettast ei Klagenemnd for stadnamnsaker det er tvist om

Etter utvalet sitt syn er det den einskilde administrasjonsgreina (departement, direktorat, institusjon osb.) som skal syta for at namnelova og dei føresegnene som høyrer til, vert fylgde. Men før det vert gjort vedtak om skrivemåten av namna, skal namnekonsulentane ha gjeve si tilråding. Vedtak om skrivemåten av stadnamn skal rapporterast inn til eit sentralt register.

NÅR KJEM DEI NYE REGLANE?

Det kjem ofte spørsmål om når dei nye reglane for skrivemåten av stadnamn eventuelt kan setjast i verk. Etter at utvalet i fjor vår overleverte innstillinga til kulturminister Lars Roar Langslet, har ho vore send ut til offentlege og private organisasjonar og institusjonar til høyring. Høyringsrunden var omme før jol, og departementet arbeider no med saka med tanke på drøfting i Stortinget. Byråsjef Sverre Ringard i Kultur- og vitskapsdepartementet opplyser at dei reknar med at Stortinget vil få saka til handsaming før valet.

Arbeidssituasjonen for namnekonsulentane

Dei to offentlege namnekonsulentane, professor Eyvind Fjeld Halvorsen og dosent Per Hovda, har gjennom åra vore pålagde eit langt større arbeid enn det dei med rimeleg innsats har kunna makta. Særleg har problemet med utilstrekkeleg arkivmateriale vore merkbart. Stoda har betra seg noko etter at cand.philol. (no amanuensis) Tom Schmidt i 1982 vart engasjert som konsulentsekretær på timebasis.

STADNAMNPROSJEKTET I MØRE OG ROMSDAL

Underskrivne er i gang med eit forprosjekt til innsamling og arkivering av stadnamn i alle dei 38 kommunane i Møre og Romsdal. Føremålet med dette arbeidet er å finne ut om det er økonomisk og fagleg forsvarleg å setje i gang eit større innsamlingsarbeid i fylket i 1984-85.

Resultatet av førebuingsarbeidet skal presenterast i ein rapport til Møre og Romsdal distriktshøgskule, som finansierer forprosjektet. Denne rapporten vil vere både eit samandrag av forarbeidet og ei handbok/oppslagsbok i innsamling og arkivering for lokale innsamlarar. Derfor vil det bli lagt vekt på å få med oversyn over eksisterande samlingar, aktuell faglitteratur, EDB-registrering av stadnamn, liste over fagfolk i stadnamn frå fylket, kart, lydskrift, normert skrivemåte, lydbandopptak, arkivering.

Det er oppretta eit prosjektråd med avd. ing. Alf E. Meisingset som formann og elles med deltaking av kultursjefen og ei rekkje fagfolk innan namnegransking. Ein tenkjer seg at innsamlingsarbeidet skal finansierast ved at det vert tilsett ein prosjektleiar med Møreforsking eller Fylkeskartkontoret som prosjektansvarleg. Prosjektleiaren er fagleg ansvarleg for at arbeidet vert utført einskapleg og etter vitskaplege retningsliner. Til hjelp i det praktiske arbeidet bør det engasjerast ein vitskapleg assistent. Både prosjektleiaren og den vitskaplege assistenten må finansierast gjennom ei eller anna form for delfinansiering.

Den administrative eininga i innsamlinga blir den einskilde kommunen. Kommunen dekkjer nødvendige utgifter til eigen administrasjon, utstyr og eventuelt vederlag til eigne innsamlarar. For å sikre framdrifta bør det gjerast ein skriftleg samarbeidsavtale med kvar einskild kommune. Det er òg viktig at kommunane bind seg til ein sams fagleg framgangsmåte i innsamlinga.

Prosjektleiaren vil stå for rettleiing og halde innføringskurs for innsamlarar. Kulturstyret nemner opp ei kommunal stadnamnnemnd som skal stå for den praktiske gjennomføringa av innsamlinga. Kultursekretæren vil vera administrativt ansvarleg.

Etter kvart som stadnamntilfanget vert samla inn, bør det leggjast til rette for arkivering og eventuelt dataregistrering. Utgjeving av kommunale stadnamnpublikasjonar vil vere aktuelt.

Peter Hallaråker

STADNAMNINNSAMLING I ROGALAND

(Rogalandsprosjektet)

Prosjektet tek sikte på å gjennomføra djupinnsamling av stadnamn i alle kommunane i Rogaland, og byggja opp stadnamnsamlingar for fylket og kommunane. Det vert utført av Rogalandsforskning etter oppdrag frå Rogaland fylkeskommune. Prosjektleiar er Inge Særheim. Arbeidet kom i gang for fullt i 1982.

I tilknyting til prosjektet er det utarbeidd ein eigen metodikk for innsamling av stadnamn frå munnlege kjelder ("Namn som fortel om oss", Handbok i innsamling og arkivering av stadnamn. Rogalandsforskning. Rapport nr. S 12/82, Stavanger 1982).

Namneinnsamlinga vert utført i samarbeid mellom forskingsinstitusjon, kulturadministrasjon i fylke og kommunar, frivillige lag (bondelag, bondekvinnelag, bygdeungdomslag, historielag, mållag m.fl.), og interesserte einskildmenneske utan spesiell lagstilknyting. Registreringa av stadnamn vert utført som frivillig lagsarbeid. Innsamlarane fyller ut namnelister og kart, og tek målføreuttalen av namna opp på kassettband. Mykje av prosjektleiinga går ut på å organisera innsamlinga og instruera innsamlarar.

For tida er det innsamling i gang i 24 (av 26) kommunar i Rogaland, dessutan i Sirdal i Vest-Agder. I fleire kommunar vil innsamlinga vera avslutta i år. Fleire hundre innsamlarar har vore og er i arbeid.

Etter planen vil ein i år ta til med å edb-registrera namnetilfang som er kome inn. Ein språkleg analyse av namna vil då verta utført. Det har òg kome førespurnad frå somme kommunar om å få namnetilfanget frå vedkomande kommune gjeve ut i bokform, med namnetolkingar, lister og kart. Oppbygginga av namnearkiv for fylket og kommunane vert òg planlagt.

Inge Særheim

INNSAMLING AV SPRÅKLEG TRADISJON

Det finst fleire handbøker og stensilar som gjer greie for korleis ein skal samla inn stadnamn, m.a. Inge Særheim si handbok som er nemnd ovanfor. For dei som driv med innsamling av ulike typar språkminne, vil Ola Stemshaug: Språkleg tradisjon. Ei handbok for innsamling av språkleg tradisjonsstoff vera nyttig. Boka er utgjeven på Det Norske Samlaget i 1982.

Nytt personnavntidsskrift

STUDIA ANTHROPONYMICA SCANDINAVICA

Innen språkvitenskapen har navneforskningen lenge hatt en godt etablert stilling i Norden. Tradisjonelt er hovedvekten blitt lagt på stedsnavn, men særlig i løpet av siste tiår har personnavnforskningen vokst seg stadig sterkere. Som et resultat av dette foreligger nå første nummer av et lenge etterlengtet tidsskrift for nordisk personnavnforskning - Studia anthroponymica Scandinavica, SAS.

SAS utgis av Thorsten Andersson og Lena Peterson, Universitetet i Uppsala. Nordiske medredaktører er Eva Villarsen Meldgaard, København, Carl-Eric Thors, Helsingfors, og Ola Stemshaug, Trondheim. Tidsskriftet finansieres gjennom forskningsrådene i de nordiske landa, her i landet Norges almenvitenskapelige forskningsråd, og kommer ut med ett nummer i året.

Tidsskriftet skal fungere som et vitenskapelig forum innen nordisk personnavnforskning. Ett mål er å understreke dette forskningsfeltets nære tilknytning til andre vitenskaper enn de reint språklige, f.eks. historie, geografi og sosiologi.

Årgang 1 av SAS inneholder sju artikler med god spredning både i emne- og tidsperspektiv - fra personnavn i stedsnavn til skjønnlitterære spor i dansk navneforråd, og fra runeinnskrifter til nåtidas moderne navn. I artikkelen "Landnáma som personnamnkjelde" konkluderer Ola Stemshaug med at verdien av dette islandske klenodiet antakelig bør reduseres i personnavnsammenheng. Han foretar interessante sammenlikninger med bl.a. norske forhold og kommer fram til at Landnáma stort sett kan aksepteres som kilde for gruppe-, struktur- eller typeanalyse, men ikke for enkeltnavn.

Svensken Roland Otterbjörk gir en grundig behandling av "Namnproblem i sörmländska runinskrifter". Han tar for seg faktorer som skaper problemer for navneidentifisering, som mangelfull ortografi, feilristinger, skadete runeinnskrifter og overraskende, uventete navn, f.eks. tilnavn. Otterbjörk avviser flere tidligere tolkninger av påståtte prefiks-tilnavn, og mener at en isteden har å gjøre med tilnavn som står alene (absolutt), ikke i sammensetning med personens egentlige navn.

I Gillian Fellows-Jensens artikkel om personnavn som forledd i bustadnavn på -bý på De britiske øyer, presenteres en svært interessant teori om to historiske lag -bý-navn i England. Det eldste laget har enten appellativ eller adjektiv/adverb som forledd og er navn på bustadområder erobret av vikinger. Etter hvert stykket danskene ut storgodsene, og de nye parsellene kunne få navn som besto av eierens fornavn pluss -bý. Ved hjelp av denne teorien kan Fellows-Jensen forklare hvorfor nordiske personnavn forekommer så mye oftere i bustadnavn på -bý i Øst- enn i Nordvest-England.

Finske personnavn, nærmere bestemt kvinnenavna i Kristinestad i åra 1724-1855, omtales av Ritva Valtavuo-Pfeifer. Med frekvenslister og rangordningstabeller viser hun de ulike

navnas popularitet. Videre ser hun på oppkalling mor - datter og på sosiologiske variasjoner, og finner at det er offentlige tjenestemenn, handelsmenn, håndverkere og sjømenn som er mest interessert i å ta i bruk nye navn i hele perioden.

I en god artikkel med undertittelen "Spor i dansk navneskik fra Ossiandigtningen og den svenske indvandring", konkluderer Torben Kisbye med at Macphersons Ossian-dikt ikke har hatt så stor direkte innflytelse på dansk navneskikk som alminnelig antatt. At navn som Oscar og Selma ble populære i Danmark på 1800-tallet, skyldes heller påvirkning (Kong Oscar I) og innvandring fra Sverige.

Eva Villarsen Meldgaard skriver om moderne dansk personnavnskikk. Hennes interessante framstilling omhandler både fornavn, mellomnavn og slektsnavn med omsyn til definisjonsproblematikk, utbredelse, konsekvenser av navnelovgivning m.v.

Også svensken Reinert Kvillerud tar for seg moderne personnavn. I artikkelen "Vanligare skrift- och uttalsenliga förnamn i svenskan" gjør han et forsøk på å leksikalisere et fornavnmateriale ut fra både stavings- og uttalehensyn. Tidligere leksikaliseringsforsøk har beklageligvis jevnt over lagt liten vekt på uttale til fordel for skriftform og etymologi, og Kvillerud presenterer verdifullt nytt på dette feltet.

SAS nr. 1 inneholder også ikke mindre enn elleve meldinger av ny, aktuell personnavnlitteratur, og dessuten ei liste over innsendt litteratur - begge deler svært nyttig for den som ønsker å holde seg orientert om hva som skjer innen emnet.

Til slutt litt om navnet på tidsskriftet: Hvorfor har utgiverne valgt noe så unordisk som Studia anthroponymica Scandinavica? I forordet sier de selv at det latinske navnet skal markere ønsket om å høre hjemme i et større internasjonalt fellesskap. Etter min mening er iallfall "Scandinavica" et dårlig valg. Navnet Skandinavia betegner primært den skandinaviske halvøya, men omfatter i vanlig bruk nå også Danmark. Dette innebærer at Island, Færøyene og Finland faller utenom tittelen på et tidsskrift som skal være fellesnordisk orientert.

Studia anthroponymica
Scandinavica
Tidsskrift för nordisk
personnamnsforskning
Årg. 1
Lund 1983

Distr. av Lundequistska
bokhandeln, Box 610,
S-75125 Uppsala, Sverige

Skr. 50,-

ISSN 0280-8633

Anne Svanevik

Det Beste Atlaset?

Det kjem stadig nye atlas i handelen, og sist ute er forlaget Det Beste, som før jul kom med eit Noregs-atlas.

I det ytre er dette ei staseleg bok på alle måtar. Formatet er stort (folio og vel så det), med toppkvalitet både i papir og innbinding.

Atlaset er på 232 sider. Del 1 (Norges ansikt) og 2 (Norge i detalj) er kart. Men desse bolkane fyller knapt halve boka.

Del 3 (Norge av i går og i dag) inneheld ei rekkje glimrande illustrerte artiklar om bergarter, busetnad, plante- og dyreliv, ver og klima, historie, samfunnsliv og næringsliv. Her er jamvel eit par sider om språk og dialektar (av Arve Borg), og under Landnåm og storhetstid er det kome med eit avsnitt om gardsnamn og busetnad (av Botolv Helleland). Vi merkar oss at språkfolket har halde på - og fått halde på - målforma si. Det er ikkje sjølvsagt i slike oppslagsverk.

I del 4 (Norge i tall) finn ein statistikk og tabellar, m.a. oversyn over folkemengda i alle kommunar 31.12. 1981.

Siste delen (Norge i navn) er eit alfabetisk register over dei 45.000 stadnamna som finst i kartdelen. Kvart namn har kommunetilvising, ei svært nyttig tilleggsopplysning i eit slikt register.

Frå vår synsstad er namneformene i atlaset av særskild interesse, og på dette punktet har boka alt fått både omtale og påtale i pressa.

Overskrifta er henta frå lokalavisa "Vikebladet" (Ulsteinvik), og innsendaren peikar på at heile 6 av dei 25 namna som er komne med frå Ulstein, er feilskrivne. Han nemner m.a. Fløranden (skal vere Flørauden), Reppehornet (Roppehornet) og Sundgata (Sundgot).

Eg har sett nærare på namna i Ørsta og Volda kommunar. Det mest graverande her er Nordrevardalen, eit misfoster av eit namn på dalen som går mot søraust frå tettstaden Nordre Vartdal. I bygdeuttalen heiter det Nørevartdaldalen.

Av andre former som er feil (eller har uheldige skrivemåtar), kan nemnast Flåskjær (Flåskjer), Liarhorn (Liahornet), Mosæter (Mossætra), Rekedal (Rekedal), Sauehornet (Saudehornet) og Årseter (Årset).

Kollega Peter Hallaråker har sett på namninga i heimkommunen Bømlo og funne at ho er stort sett god, men namneformene Gjøsæter og Måkesteinen har kome med istf. Gjøsætre og Måksteinen. Elles har han merka seg inkonsekvensar i bruken av bunden/ubunden form: Stongarvåg, Stutanes, men Fylkesneset, Rubbestadneset, Siggjarvågen. Her har talemålet overalt bunden form.

Slike inkonsekvensar finst det flust av over heile landet i dette verket. På Sunnmøre finn ein Melshorn (Hareid) og Blåtind (Bondalen) - etter talemålet skal desse ha bunden form. Det gjeld alle fjellnamn i området. På kart får mange av dei jamt ubunden form. Særleg gjeld dette eintalsformer av -tind og -horn.

For naturnamn er reglane her klare: I "Føresegner om skrivemåten av stadnamn" (1957) heiter det at "Bruken av bunden eller ubunden form bør retta seg etter målføret, serleg i reine naturnamn". Etter dette skal alle fjell-, fjord-, elve- eller innsjønamn ha bunden form når talemålet har det.

Når ein ser på namneformene i eit så påkosta og velutstyrt oppslagsverk, melder det

seg eit spørsmål: Kvifor må namnekonsulenttenesta her i landet vere så dårleg at ein middels opplyst person (ikkje absolutt filolog) kan finne 20-30 rangskrivne namn i heimetraktene sine etter å ha kika på namneformene på kartet i ein halv time? Kva kunne ikkje ei 8-10 lokalkjende folk ha retta opp av meiningsløyser om dei fekk ein dag eller to til å sjå gjennom karta før dei gjekk i trykken? No veit eg vel at desse karta ikkje har vore innom statens namnekonsulentar, men dei byggjer på kart med namneformer som dei alt har sett gjennom.

Forlaget Det Beste har sett ein kartmann til å vere kartredaktør for verket. Korleis ville norske kart ta seg ut om ein sette filologar til dette?

Terje Aarset

KONSTITUERANDE STYREMØTE I NORSK NAMNELAG

Styret i Norsk namnelag konstituerte seg på møte i Trondheim 22. mars 1984. Møtet vart halde på Nordisk institutt på Dragvoll under leiing av formannen, professor Reidar Djupedal. I ei pressemelding som vart send ut etter møtet, heiter det m.a.:

Det fremste føremålet med Norsk namnelag er å verne den kulturskatten som det norske namneverket er. Dette vil namnelaget gjere ved å få i gang innsamling av namnetilfang på fagleg grunn og vere med å fremje bruken av heimlege namn i rett norsk tradisjon. Norsk namnelag vil fremje namnegransking ved universitet og andre høgskular, men laget vil òg stø lokale tiltak for å få samla inn namnetilfang og byggje opp namnesamlingar i fylke og herad, samstundes med at ein ikkje misser den større nasjonale samanhengen av syne.

Laget vil vere eit særs viktig opplysningsorgan og kontaktorgan, ikkje berre for fagfolk, men òg for kvar og ein som vil vere med på å bere namneskatten vår vidare til nye ættleder på ein måte som vår kulturnasjon kan vere tent med.

Alle som vil, kan verte medlemer i laget. Dei tingar då samstundes tidsskriftet "Namn og nemne" og får meldingsbladet "Nytt om namn".

NESTE "NYTT OM NAMN" KJEM I OKTOBER 1984

Returadresse:
Institutt for namnegransking
Postboks 1011, Blindern
0315 Oslo 3

ISSN 0800 - 4676